


På kyrkjebakken

Redaksjonsnemnd: B. Haukanes, A. R. Hauge og B. D. Bødker



kyrkjekalenderen

September

Søn. 7. kl. 11.00 - Ådland
Gudsteneste
dåp
50-årskonfirmant-jubileum

Tirs. 9. kl. 19.00 - Haga
Kro
Andakt v/ Edgard Ebbesvik

Søn. 14. kl. 11.00 - Ådland
Gudsteneste
v/ Terje Bjuland
Nattverd

Søn. 21. kl. 17.00 - Haga
Misjonsfest
Tale v/ tidl. misjonær
Tor Dag Kjosavik
God mat og song og musikk

Man. 22. kl. 19.00 - Haga
Temasamling
om skuleprosjektet i Zambia
Biletframvisning og
tale v/ Hilde M. Aarvik

Søn. 28. kl. 11.00 - Haga
Familiogudsteneste
søndagsskulenes dag
Utdeling av 4-årsbok
Tale v/ Nils Arne Lavik

Oktober

Søn. 5. kl. 11.00 - Haga
Gudsteneste
Dåp og nattverd
Søndagsskule for borna

Babysong



Babysong har starta opp att!
Me syng, dansar, leikar, kosar,
trallar, snakkar saman, et i lag
og har ei veldig kjekk stund
saman med babyane.

Det held stad i Haga kyrkje
annakvar torsdag kl. 11-12.00.

Datoar fram til jul er:
**4.sept, 18.sept, 2.okt, 16.okt,
30.okt, 13.nov, 27.nov. og 11.des.**

Vel møtt!

Småbarnstrall



Småbarnstrall er for born mel-
lom 1-4 år.

Det ei vidareføring av babysong,
så det vert mykje av det same
opplegget, men no er barnet blitt
så stort at det kan delta litt meir
aktivt.

Det vert mange songleikar, hop-
ping og dansing, klapping og
gysing...

Tilbodet er ein del av "trusopp-
læringa" i kyrkja, og det vert
difor nytta nokre kristne barne-
songar i opplegget. Borna er i
sentrum, dei elsker å verta "dulla
med" på denne måten.

Samspelet mellom mor eller
far og barnet vert stimulert. Og
same korleis songstemma di
høyrest ut, er ho den aller finaste
for ditt barn!

Småbarnstrall er moro for bor-
na, men også for den av forel-
dra som er med. - Ein fin stad å
møta og verta kjend med andre
born og foreldre.

Det vert lagt opp til 1-4 år, men
er det andre sysken under skule-
alder som ynskjer å vera med, er

dei velkomen til det.

Leiar for småbarnstrall i haust er
Belinda Aasgaard Kalvenes.

Datoar fram til jul vert anna kvar
onsdag kl. 10.00-12.00:

10.9, 24.9, 8.10, 22.10, 5.11,
19.11 og 3.12.

Velkomen!

SOMMERFUGLVINGER



Dette er tittelen på ei plate av
Barbro Wiig Sulebakk, og på
korprosjektet vårt i haust. No-
kon har kanskje høyrte Barbro på
radioen, ho er fast andaktshaldar
der. Andre hugsar kanskje at fa-
milien Sulebakk hadde ein kon-
sert saman med vårt eige barne-
kor for eit par år sidan. Det var
futt, fart og ei smittande musikk-
glede. No har mor Barbro laga
ei eiga plate, med «vaksen» mu-
sikk av eit rolegare slag. Dama
har fylt 40 og seier «alt har sin
tid, og her jeg er, – midt i livet
– kjenner jeg på taknemlighet
for alt, og nynner vidare på li-
vets melodi som alltid går litt i
dur og litt i moll...» Barbro er
frå Frekhaug, og ho skriv både



tekstar og melodiar sjølv. Går
du inn på sulebakk.no/barbro
kan du høyra tre av songane.
Eilert Tøsse har arrangert nokre
av songane for kor, og me invi-
terer nye og gamle songarar til å

ta del. Det vert fire øvingar, den
første 24. sept. og konserten vert
24. oktober. På konserten vil
Barbro Wiig Sulebakk syngja
solo og saman med koret, lokale
musikarar vil spela til og dansar
Siren Godø med familie vert
også med! Det er første gongen
me har med oss dansarar på kor-
prosjekta våre. Me gler oss!
Dei som har vore med på tidle-
gare korprosjekt, vil få invita-
sjon tilsendt. Nye songarar er
hjarteleg velkomne og kan ta
kontakt med kantorane våre el-
ler med kyrkjekontoret om dei
ynskjer å vera med. Det vert
som vanleg øvings-cd for alle
stemmer.

Kristi tek over for Line



Som sikkert dei fleste veit om,
har me i kyrkja ein «barnearbeid-
dar» som har sitt arbeidsområde
særleg mellom dei frå 0-13 år.
Mange har møtt Line Bjørhovd
gjennom «Kompis» som er etter
skuletid om onsdagane, «Tårna-

gent», eller «Lys Vaken». Ho
starta i stillinga i 2009, men var
også med som frivillig i ung-
domsarbeidet før det. No er ho
reist til England som ein del av
studiet på NLA, så no er det en-
gelske born som får nytta godt av
arbeidet hennar. Ho har permi-
sjon fram til neste sommar og
vil verta sakna av mange både
små og store i kyrkjelyden.

Som vikar for Line, har me til-
sett Kristi Mjelstad. Ho har vore
med som medhjelpar på «Kom-
pis», og kjenner dette arbeidet
godt frå før. Kristi er oppfinn-
sam, kreativ og flink med alle
slags formingsting, og ungane

kjenner ho frå kompis eller bar-
neskulen der ho også er tilsett.
Me er sikker på at barnearbeidet
vårt er i trygge hender hjå henne
og er svært glad for at ho sa ja til
å ta på seg jobben!
Så då ynskjer me Kristi velko-
men og seier good luck til Line!



frå kyrkjeboka



Døypte

8.6.
Marta Oldervoll
6.7
Veronica Tveiterås Johansen
10.8.
Tiril Kjønne Kleivane
17.8
- Nicklas Birkeland
- Mats Gorman
- Elias Langeland
- Sofie Nordbø Skarsbø
- Benjamin Jørgensen Utskot
24.8.
Samuel Hisdal Haga



Vigde

21.6.
Jan Petter Andersen og
Bodil Torgersen
21.6.
Jon Magne Bøgevik og
Monica Lill Raftvoll
14.7.
Stefan Andre Svendsen og
Lillian Høysæter
9.8.
Simon Hofso og
Aina Lovise Sjursen Øygard



Døde

23.1.
Jan Magnus Abotnes
16.6.
Mons Theodor Utskot
21.6.
Amanda Konstanse Reistad
30.6.
Astrid Oline Røen
30.6.
Edith Kvernes
4.7.
Bent Erik Jensen
5.7.
Vilhelm Tysseland
5.7.
Stein Birger Haga
24.7.
Aud Nelly Yndestad